



[Mottakernavn]  
[Adresse]  
[Postnr] [Poststed]  
[Kontakt]

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hedda Vik Askeland, 5557 2055

## Løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø ved gnr./bnr. 53/24 ved Grunnavågen i Stord kommune for Waage Anlegg AS

Statsforvaltaren gjev Waage Anlegg AS løyve til utfylling av 2 500 m<sup>3</sup> massar over eit areal på 265 m<sup>2</sup> i sjø ved gnr./bnr. 53/24. Formålet med tiltaket er å utvida landområde.

Utfyllinga skal skje i perioden oktober til desember 2024, og varigheita til arbeidet vil vera ca. 2 månader. Siltgardin skal nyttast gjennom anleggsperioden for å hindre spreing av finstoff frå sprengstein.

**Løyvet er gjeve med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16.**

Vi viser til søknad motteken 26. august 2024.

### Vedtak om løyve


Statsforvaltaren gjev løyve til utfylling i sjø til Waage Anlegg AS. Løyvet er heimla i forureiningslova § 11, jf. § 16. Løyve er gjeve på spesifikke vilkår som er lista opp i eige vedlegg.

### Vedtak om gebyr for sakshandsaming

Statsforvaltaren tar gebyr for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova. På bakgrunn av Statsforvaltaren's ressursbruk i saka, tek vi gebyr etter sats 6, 44 300 kroner, for handsaming av søknaden, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-3 og 39-4. Faktura vert sendt frå Miljødirektoratet. Sjå forureiningsforskrifta kapittel 39 for å lese meir om sakshandsamingsgebyret.

### Om tiltaket

ABO Plan og Arkitektur Stord AS søker på vegne av Waage Anlegg AS om løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø med sprengstein for å utvida landareal på Stord Havbrukspark AS (gnr./bnr. 53/24) ved Grunnavågen i Stord kommune (Figur 1 og 2).



Figur 1: Oversiktskart over tiltaksområdet ved Grunnavågen i Stord kommune. Utfyllinga er merka med rosa farge.



Figur 2: Raud stripla linje viser ca. avgrensing av utfyllinga, medan blå punkt illustrerer plassering til prøvestasjonar for sedimentprøver.

Utfyllinga er ei mindre utviding av ei påbegynt utfylling på staden. I front skal fyllinga avgrensast med mur/kai eller bestå av ei naturleg skråning som vert plastra. Utfyllinga vil legge beslag på ca. 265 m<sup>2</sup> sjøbotn og det er berekna at det vil trengst ca. 2 500 m<sup>3</sup> sprengstein for å etablere nytt landareal.



Utfyllinga vil skje frå land med lastebil, der massar frå same eigedom blir nytta. Først skal eit tildekkingslag av sand eller grus på totalt 0,25 meter leggest ut med båt ved bruk av grabb/gravemaskin. Deretter blir sprengstein lagt oppå tildekkingslaget. Dei forureina massane vil dermed liggje under eit tjukt lag, og bli mindre tilgjengeleg for spreining. Steinen som blir brukt til utfylling, er grovkorna, medan finstoff frå sprengsteinrøysa skal nyttast på land og i toppen av fyllinga. Delar av massen må sprengast ut i bakkant av området.

Plastrestar frå sprengingsarbeidet, som tennarleidningar skal sorterast ut under lasting.

I samband med tidlegare søknad om utfylling i sjø i 2014 like aust for tiltaksområdet, vart det gjennomført ei miljøgeologisk undersøking i sjø. Sedimenta består av gytjeholdig siltig og sandig materiale. Det vart analysert for miljøgifter på 2 prøvestader (sjå figur 2). Dei analyserte prøvane viste at sedimenta er forureina med TBT, PAH og Arsen. TBT ble påvist i konsentrasjonar tilsvarande tilstandsklasse 5 (svært dårleg tilstand), medan PAH og arsen ble påvist i tilstandsklasse 3 (moderat tilstand).

I Naturbase er det registrert eit større område (arealet er 8 720 daa) med "større kamskjellførekomstar" vurdert som viktig. Sidan dette er eit gammalt industriområde brukt til å produsera oppdrettsanlegg, er det grunn til å tru at det ikkje er kamskjell innanfor det aktuelle område. I samband med dei miljøgeologiske undersøkingane frå 2014 vart det ikkje observert viktige marine naturtypar under feltarbeidet.

I følgje Artsdatabanken og Artskart er det registrert hettemåke som er vurdert til "kritisk truga", samt fiskemåke, gråmåke og ærfugl som er vurdert til "sårbar" i området. Det er lite truleg at desse artane hekkar på aktuelt areal i industriområdet, då dei føretrekk holmar/små øyer, som det finst mange av i området.

Arbeidets er planlagt utført i perioden oktober til desember 2024, og varigheita på arbeidet er to månader.

## Høyring

Søknaden vart sendt på høyring til Bergens sjøfartsmuseum, Sør-Norges Fiskarlag, Stord kommune Fiskeridirektoratet og Mattilsynet. Frist for å gje uttale var 30. september 2024.

ABO Plan og Arkitektur kommenterte uttalane i høyringsbrev datert 30. august 2024. I tillegg fekk ABO Plan og Arkitektur ein uttale frå Stord Hamn som vart lagt som vedlegg i søknaden. Kommentaraner er referert i blå tekst nedanfor.

Vi fekk følgjande høyringsutsegn frå Stord Hamn, Torgrim Hallvardson Rygnestad, Bergens Sjøfartsmuseum, Stord kommune, Fiskeridirektoratet og Mattilsynet:

### Stord Hamn (15. august 2024):

Attgjeving av uttale:

"I dette område har Stord Hamn ingen merknader. Men jeg lurer på en ting. Når vi i Stord hamn har utfylling i sjø, må vi alltid ha siltgardin. Blir det siltgardin her også?"



ABO Plan og Arkitektur sin kommentar:

"Viser til utført miljøgeologisk undersøkning frå 2014. Utfyllinga vil skje i tråd med tiltak nemnt i denne rapporten. I samband med dei miljøgeologiske undersøkingane i 2014 vart det ikkje observert viktige marine naturtypar i området under feltarbeidet. I rapporten går det fram at ein vurderer at det ikkje er naudsynt med tiltak for å hindre eller avgrense spreieing av steinstøv. Ein har difor i utgangspunktet ikkje lagt opp til bruk av siltgardin her, men ein vil sjølvstøkt føye seg etter dei føringar som Statsforvaltaren set for utfyllinga i utsleppsløyvet."

### **Torgrim Hallvardson Rygnestad (30. august 2024)**

Attgjeving av uttale:

"Det å fylle masse over forurensa grunn er noe som må avvises. Selv om det brukes gardin vil finkornet masse bli spreidd i mye større område enn forevist. Der er noe som heter mye vil ha mer og det er inntrykket man sitter med her. Søknaden skal og må avvises."

ABO Plan og Arkitektur sin kommentar:

"Viser til utført miljøgeologisk undersøkning frå 2014. Utfyllinga vil skje i tråd med forureiningsavgrensande tiltak som er nemnt i denne rapporten. I dette tilfellet skal dei forureina sedimenta dekkjast til med eit ca. 0,25 m tjukt sand- og gruslag. Dei forureina massane vil såleis bli liggjande igjen under utfylte sprengsteinmassar, og vil etter utfyllinga bli mindre tilgjengelege for spreieing og opptak av miljøgifter i plantar og organismar. I rapporten frå 2014 går det fram at Multiconsult vurderer at «Med de påviste konsentrasjonene og det planlagte miljøtiltaket vurderes det som liten fare for miljøskadelig utlekking av miljøgifter fra bunnsedimentene etter utfylling".

### **Bergens Sjøfartsmuseum (23. september 2024)**

Bergens sjøfartsmuseum skriv at dei ikkje kjenner til kulturminne ved gbnr. 53/24 som kan bli direkte råka av omsøkt tiltak. Dei har difor ikkje merknader til det planlagde tiltaket men gjer merksam på meldeplikta dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne.

### **Stord kommune (24. september 2024):**

Kommunen opplyser at dei godkjente søknad om eit trinns byggjesøknad for utfyllinga i vedtak 12. oktober 2017. Sidan arbeida har stoppa opp i lengre tid enn 2 år, jf. plan- og bygningslova § 21-9. Det tidlegare løyvet er såleis gått ut og kan ikkje forlengjast, jf. pbl § 21-9. Kommunen skriv vidare:

"For endring av utfyllingsområdet må det sendast inn ny søknad etter plan- og bygningslova. Ved ein ev. ny søknad må det gjerast greie for status for arbeid etter løyve DS-445/17, det må dokumenterast at løyve er gyldig, og visast kva som er omfatta av ny søknad.

Det må dokumenterast at det er teke omsyn til både kommunale leidningar i sjø og over land samt Erko Settefisk AS sitt anlegg for inntak av sjøvatn (både leidning og pumpestasjon) – evt. i form av godkjenning/samtykke frå Kommunalteknikk og Erko Settefisk AS.

Gjeldande reguleringsplan er Grunnavåg industriområde del II, R-221-000, vedteken 12.12.2002. Det nye fyllingsområdet er omfatta av reguleringsføremaal industri og lager, felt A-1.



Me gjer merksam på at det er pågåande ny planprosess for området (Detaljregulering for Grunnvågen næringsområde, gnr/bnr 53/40 mfl., planID 202103)."

**ABO Plan og Arkitektur sin kommentar:**

"Det skal sendast ny søknad til kommunen, men ein ynskjer å få avklara utsleppsløyvet før ein sender inn søknaden til kommunen.

Det er, som kommunen skriv, tidlegare gjeve løyve til utfylling i sjø i området i sak DS-445/17 (2017/1741). Dette arbeidet er sett i gong, men er ikkje fullført. Løyvet er framleis gyldig, då det jamnleg har vore fylt ut i sjø frå oppstart i juni 2018, fram til i dag. Fyllingsarbeidet har periodevis stoppa opp, ma. for å få på plass ei løysing på korleis ein skulle gjere det med eksisterande kommunale leidningar i området, men aldri i lengre tid enn 2 år. Tiltakshavar har dokumentasjon på dette som kan ettersendast dersom kommunen/SFVL ynskjer det. Ettersom denne dokumentasjonen inneheld fakturaer med sensitiv prisinformasjon, er det ikkje ynskjeleg at dette hamnar i offentlege postlister. Vi ber difor om at kommunen/SFVL etterspør dette spesifikt dersom de finn det naudsynt.

I referatet frå førehandskonferansen frå 2022 står det at fylling og plassering må avklarast med Tekniske tenester. 19.03.2024 hadde tiltakshavar møte med Tekniske tenester. På møtet vart det diskutert løysingar for å kunne fjerne leidningar. Kommunen var positive til å kunne mellombels fylle over leidningane for å kome i mål med planlagd utfylling. Ein kom fram til at det skal avtalast ei synfaring på staden når arbeidet skal setjast i gong slik at ein kan få avklart endeleg metode for utføring. Sjå vedlagd referat frå møtet og vedlagd teikning som syner eksisterande kommunale leidningar i området i høve til omsøkt tiltak. ERKO Settefisk AS er sjølv tiltakshavar i byggesaka, så ein vil ta omsyn til eige anlegg ved gjennomføring av tiltaket."

### **Fiskeridirektoratet (30. september 2024):**

Attgjeving av uttale:

"!Fiskeridirektoratet tar saka til orientering. Med bakgrunn i ei fagleg prioritering gir vi ikkje ei konkret høyringsuttale i denne saka."

### **Mattilsynet (30. september 2024):**

Attgjeving av uttale:

"Det går fram av søknaden at det dreier seg om utfylling av steinmassar i sjø. Kartet frå Statsforvaltaren sitt følgjebrev, er einaste kart som er lagt ved søknaden som er sendt Mattilsynet. I søknaden står det at arbeidet gjeld Grunnvågen. Det er eit anna område som ligg utanfor lokalitet Sagvåg som heiter Grunnevågen. Sidan det manglar meir spesifikke kart over tiltaket så er Mattilsynet litt usikker på kor tiltaksområdet eigentleg ligg. Mattilsynet antek at arbeidet skal foregå i Grunnvågen, men veit ikkje kor nærme tiltaket ligg lokalitetane Sagvåg og Grunnvågen.

I søknaden står det at det skal leggest eit tildekkingslag med sand/grus under sprengsteinen i fyllinga. Det står at utfyllinga ikkje skal føre til spreining av forureining som kan vere skadeleg for marint biologisk mangfald eller forverre vasskvalitet i området. Mattilsynet har ikkje fått tilgang til vedlegg, og kjenner derfor ikkje til om det er planlagt avbøtande tiltak som til dømes siltgardin.

Dei to landanlegga vil sannsynlegvis i mindre grad bli påverka av tiltaket dersom det berre inneber utfylling i sjø og ikkje spreining. Sjølokalitetane Hølevik, Klungervikneset og Nappeholmane ligg alle i



overkant av 3 km frå tiltaket. Mattilsynet kjenner ikkje til straumtilhøva i sundet og korleis eventuelle partiklar vil spreie seg i området. Sjølv om det kan vere mindre sannsynleg at desse lokalitetane vil bli påverka av partiklar frå utfyllinga, så er det viktig at tiltakshavar gjer ei vurdering av risikoen og eventuelt får på plass ytterlegare avbøtande tiltak. Utover dette har vi ikkje fleire kommentarar på noverande tidspunkt."

ABO Plan og Arkitektur sin kommentar:

"Viser til utført miljøgeologisk undersøking frå 2014. Utfyllinga vil skje i tråd med tiltak nemnt i denne rapporten. I samband med dei miljøgeologiske undersøkingane i 2014 vart det ikkje observert viktige marine naturtypar i området under feltarbeidet. I rapporten går det fram at ein vurderer at det ikkje er naudsynt med tiltak for å hindre eller avgrense spreieing av steinstøv. Ein har difor i utgangspunktet ikkje lagt opp til bruk av siltgardin her, men ein vil sjølvsagt føye seg etter dei føringar som Statsforvaltaren set for utfyllinga utsleppsløyvet. Det vil ikkje vere noko problem å nyte siltgardin dersom Statsforvaltaren finn det naudsynt med ytterlegare avbøtande tiltak."

## Rettsleg grunngjeving for løyve

### Forureiningslova

Etter forureiningslova § 7 må ingen sette i verk noko som kan medføre forureining utan at det er lovleg etter unntaksreglane i § 8 eller tiltaket har løyve etter § 11.

Arbeid i sjø frå land er mellombels anleggsarbeid og er som hovudregel lovleg utan løyve, jf. forureiningslova § 8 første ledd nr. 3, når forureininga frå anleggsarbeidet er "vanleg". Utfylling som bidreg til å spreie finstoff som kan påverke fiskeinteresser, trua artar, marine naturtypar eller bidra til plastforureining, er ikkje vanleg forureining og tiltaket må ha løyve. Statsforvaltaren finn at utfyllingane i dette tiltaket krev løyve etter lovas § 11, med vilkår for utføring etter § 16.

Når Statsforvaltaren vurderer om det skal gjevast løyve til forureinande verksemd, og eventuelt på kva vilkår, skal vi leggje vekt på forureiningsulempene ved tiltaket haldne saman med fordelar og ulemper tiltaket elles vil kunne føre til jf. forureiningslova § 11 siste ledd. Statsforvaltaren legg til grunn anbefalingar i Miljødirektoratets rettleiar M-350/2015 *Handtering av sediment* i vår vurdering av saka.

### Naturmangfaldlova

Forvaltningsmåla i naturmangfaldslova §§ 4 og 5 ligg til grunn for Statsforvaltarens myndigheitsutøving. Videre skal prinsippa i §§ 8 til 12 om blant anna kunnskapsgrunnlag, føre-var-tilnærming og samla belastning leggast til grunn som retningslinjer når Statsforvaltaren treffer avgjerder som rører ved naturmangfald.

### Vassforskrifta

Søknader om løyve til tiltak i sjø og vassdrag skal også vurderast etter vassforskrifta. Vassforskrifta innehelder forpliktande miljømål om at myndigheitene skal sørge for at alle vassførekomstar skal oppnå god kjemisk og økologisk tilstand innan 2027 med mindre det er gitt unntak med heimel i § 9 eller § 10.

### Avgrensing mot plan- og bygningslova

Statsforvaltaren kan ikkje gje løyve etter forureiningslova § 11 dersom dette er i strid med endelege planer etter plan- og bygningslova. Stord kommune skriv i sin høyringsuttale at tiltaket er i samsvar



med gjeldande reguleringsplan<sup>1</sup> for området men at byggesaksløyvet gitt i 2017 ikkje er gyldig, og at dei krev ny søknad. Dette løyvet kan ikkje takast i bruk før tiltaket er godkjend etter plan- og bygningslova.

## Vår vurdering av søknaden

Statsforvaltaren vurderer at søknaden med tilhøyrande dokumentasjon er i samsvar med forureiningsforskrifta § 36-2 sine krav til innhald i søknader om løyve etter forureiningsforskrifta.

### Grunngjeving for valde vilkår og krav

Utfylling i sjø vil kunne medføre spreiring av partiklar som kan ha negative effektar på naturverdiar. Mineralpartiklar som svevar fritt i vassmassane kan medføre skade på gjellene til fisk og det er vist at dei kan feste seg på pelagiske fiskeegg som hos torsk og hyse og få egg til å søkke, noko som kan auke eggdødelegheita.

Partikkeltilførsel til sjø over lengre tid vil også kunne medføre nedslamming av sjøbotn, noko som vil kunne føre til at leveområdet til botnlevande organismar vert endra eller øydelagt. Dersom sedimenta i tiltaksområdet er forureina, kan også forureining verte spreidd. I dette tilfellet er det funnet nokon prøver med forureina med TBT i tilstandsklasse 5, og PAH og Arsen i tilstandsklasse 3. Prøvetakinga viste også at sedimenta består av gytjeholdig siltig og sandig materiale.

I søknaden blir det foreslått å legge eit dekkande lag av sand og grus på 0,25 meter over dei forureina massane, etterfølgt av eit lag med sprengstein. På denne måten vil dei forureina massane bli liggjande under eit tjukt lag, som vil hindre spreiring av partiklar. Statsforvaltaren set dette som eit vilkår for tiltaket.

Det er kartlagt ein større førekomst av kamskjel som er vurdert som "viktig" for naturverdiane i området. Konsulenten skriv at sidan det er eit gammalt industriområde, er det lite truleg at det finst kamskjel der. Under dykking i samband med miljøgeologisk undersøking i 2014 vart det heller ikkje funne kamskjellførekomstar i tiltaksområdet. I tillegg er det registrert hettemåke, som er vurdert som "kritisk truga", og fiskemåke, gråmåke og ærfugl, som er vurderte som "sårbare". Konsulenten vurderar at det er lite truleg at desse artane hekkar i det aktuelle området, då dei føretrekk holmar og små øyar, som det finst mange av i nærleiken. Statsforvaltaren er einig i vurderinga i søknaden om at sidan utfyllinga skjer i eit gammalt industriområde og på ein stad det allereie delvis er utfylt i sjø så er det lite truleg at denne tilleggsutfyllinga vil gjera noko skade for kamskjel og fuglane.

Mattilsynet skriv i si uttale at tiltakshavar bør vurdere om tiltaket kan påverke det marine livet, og eventuelt setje i verk tiltak for å sikre at partiklar ikkje spreier seg i vatnet. Tiltakshavar meiner at det ikkje er nødvendig med spesielle tiltak for å hindre spreiring av steinstøv, men peikar på at eit avbøtande tiltak, som til dømes bruk av siltgardin, kan vurderast. Vi legg vekt på uttalen frå Mattilsynet og krev at det vert nytta siltgardin rundt tiltaksområdet for å redusere faren for partikkelspreiing.

---

<sup>1</sup> Grunnnavågen Industriområde del II, Nasjonal PlanID 4614\_R221000, sist endra 11. mars 2021



Bruk av sprengsteinmassar til utfylling i sjø kan gje fare for spreining av plastavfall til sjøen. Plast bruker lang tid på å brytast ned, og det har ein negativ og uønskt påverknad på miljøet. Statsforvaltaren stiller vilkår for å avgrense tilførsel av plastavfall til omgjevnadene.

### **Vurderingar etter naturmangfaldlova og vassforskrifta**

Krav til kunnskapsgrunnlaget er etter vår vurdering oppfylt, jf. naturmangfoldloven § 8. Sidan vi vurderer kunnskapsgrunnlaget som tilfredsstillande, vil ikkje føre-var-prinsippet (NML § 9) kome til anvending.

Vi har teke omsyn til økosystemet og den samla belastninga (NML § 10) gjennom vurderingar som ligg til grunn for krava som er sett i vilkåra i løyvet. NML § 11 påpeiker at det er tiltakshavar som skal bære kostnadene til avbøtande tiltak.

Miljømålet i vassforskrifta er at alle vassførekomstar skal oppnå minst god økologisk og kjemisk tilstand. Ein forverring av ein vassførekomst kan ikkje tillatast dem mindre det er mogelegheit til å gje unntak, jf. vassforskrifta § 12.

I denne saken legger Statsforvaltaren til grunn at tiltaket vil gje ein midlertidig påverknad og at tilstanden i resipientane vil bli gjenoppretta når arbeidet stansar. Vi ser det derfor ikkje som sannsynleg at tiltaket vil kunne føre at miljømåla ikkje nåast, eller at tilstanden til vassførekomsten blir forverra. Krava i vassforskrifta er difor ikkje til hinder for å gje løyve etter forureiningslova.

### **Endring og omgjering**

Vi vil påpeike at all forureining frå verksemda isolert sett er uønskt. Sjølv om utsleppa er innanfor dei fastsette grensene, pliktar verksemda å redusere utsleppa så langt som mogleg utan urimelege kostnader. Det same gjeld utslepp av komponentar det ikkje er satt grenser for gjennom særskilte vilkår.

Verksemda er pliktig til å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7. Viser det seg at forureiningsforholda endrar seg, kan Statsforvaltaren med heimel i forureiningslova § 18 endre vilkåra i løyvet og setje nye vilkår, og om nødvendig trekkje løyvet tilbake. Endringar skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein endringssøknad må difor sendast i god tid før ei eventuell endring kan gjennomførast.

At vi har gitt løyve til forureining fritar ikkje erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som forureininga har ført til, jf. forureiningslova § 56. I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova og produktkontrolllova med tilhøyrande forskrifter. Nokre av forskriftene er nemnde i løyvet. For informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda viser vi til heimesida til Miljødirektoratet, [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no). Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79.

Brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova og produktkontrolllova med tilhøyrande forskrifter er òg straffbart.

### **Retten til å klage**

Partane involvert i saka og andre med særleg interesse kan klage innan tre veker frå verksemda har mottatt dette brevet, jf. forvaltningslova § 28. I ein eventuell klage skal det gå klart fram kva klagen





gjeld, og kva endringar ein ønskjer. Klagen bør vere grunngeven og skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland. Klageinstans er Miljødirektoratet.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding, eller på eige initiativ, avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Ei slik avgjerd kan det ikkje klagast på.

De kan også klage på vedtaket om gebyrsats, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ein eventuell klage skal vere grunnsett, og han må sendast til Statsforvaltaren i Vestland innan tre veker. Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at vedtaket blir utsett. Verksemda må difor betale det fastsette gebyret. Dersom Miljødirektoratet godtar klagen, vil overskotsbeløpet verte refundert.

Med helsing

Magne Nesse  
senioringeniør

Hedda Vik Askeland  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

1 Løyvets vilkår

Kopi til:

|                                |                      |      |            |
|--------------------------------|----------------------|------|------------|
| STORD KOMMUNE                  | Postboks 304         | 5402 | STORD      |
| Torggrim Hallvardson Rygnestad |                      |      |            |
| FISKERIDIREKTORATET            | Postboks 185 Sentrum | 5804 | BERGEN     |
| Bergens Sjøfartsmuseum         |                      |      |            |
| Sør-Norges Fiskarlag           |                      |      |            |
| MATTILSYNET                    | Postboks 383         | 2381 | BRUMUNDDAL |

**Mottakarliste:**

|                                  |                       |             |               |
|----------------------------------|-----------------------|-------------|---------------|
| <b>ABO Plan &amp; Arkitektur</b> | <b>Torgbakken 9</b>   | <b>5411</b> | <b>STORD</b>  |
| <b>WAAGE ANLEGG AS</b>           | <b>Hogstevegen 34</b> | <b>5419</b> | <b>FITJAR</b> |



## Løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø ved gnr./bnr. 53/24 ved Grunnvågen i Stord kommune for Waage Anlegg AS

Statsforvaltaren gjev Waage Anlegg AS løyve med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16 og forureiningsforskrifta § 22. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar i søknad av 26. august 2024 og andre opplysningar som kom fram under sakshandsaminga. Løyvet gjeld frå dags dato og fram til anleggsarbeidet er avslutta.

Dersom de ønskjer endringar utover det som er opplyst i søknaden eller under sakshandsaminga og som kan ha miljømessig betydning, må de på førehand avklare dette skrifteleg med Statsforvaltaren.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan to år skal de sende melding til Statsforvaltaren om forventa oppstart, status i prosjektet med beskriving av eventuelle endringar som endrar risiko for forureining og evt. behov for endra avbøtande tiltak. Statsforvaltaren vil då vurdere behov for eventuelle endringar i løyvet og om endring av løyvet krev ny søknadsrunde.

### Data om verksemda

|                              |                             |
|------------------------------|-----------------------------|
| Bedrift                      | Waage Anlegg AS             |
| Postadresse                  | Hogstevegen 34, 5419 Fitjar |
| Kommune og fylke             | Stord, Vestland             |
| Organisasjonsnummer/ eigd av | 926 645 587                 |

### Statsforvaltaren sine referansar

|             |               |            |
|-------------|---------------|------------|
| Løyvenummer | Anleggsnummer | Saksnummer |
| 2024.0827.T | 4614.0132.01  | 2024/12704 |

|  |                 |                                 |
|--|-----------------|---------------------------------|
| Løyve gitt første gong:<br>4. oktober 2024 | Endringsnummer: | Løyve sist endra:               |
| Magne Nesse<br>senioringeniør              |                 | Hedda Vik Askeland<br>rådgjevar |

*Dokumentet er godkjent elektronisk*



## Endringslogg

| Endringsnummer | Endringar av | Punkt | Endringar |
|----------------|--------------|-------|-----------|
|                |              |       |           |
|                |              |       |           |



## Innhald

|     |   |   |
|-----|---|---|
| 1   | Rammevilkår .....   | 4 |
| 1.1 | Omfang .....  | 4 |
| 1.2 | Varsel om oppstart .....                                    | 4 |
| 2   | Generelle vilkår .....                                      | 4 |
| 2.1 | Plikt til å redusere forureining så langt som mogeleg ..... | 4 |
| 2.2 | Plikt til førebyggjande vedlikehald .....                   | 4 |
| 2.3 | Tiltak ved auka forureiningsfare .....                      | 4 |
| 2.4 | Miljøriskovurdering av anleggsarbeida .....                 | 4 |
| 2.5 | Ansvar .....  | 5 |
| 2.6 | Erstatningsansvar .....                                     | 5 |
| 2.7 | Kulturminne i sjø .....                                     | 5 |
| 2.8 | Sakshandsaming etter anna lovverk .....                     | 5 |
| 3   | Internkontroll, beredskapsplan og akutt forureining .....   | 5 |
| 3.1 | Internkontroll .....  | 5 |
| 3.2 | Beredskapsplan .....  | 6 |
| 3.3 | Varsling om akutt forureining .....                         | 6 |
| 4   | Vilkår for utføring av tiltak i sjø .....                   | 6 |
| 4.1 | Generelt .....  | 6 |
| 4.2 | Partikkelsperre .....                                       | 6 |
| 4.3 | Kontroll av utfyllingsmassar .....                          | 6 |
| 4.4 | Aktsemd ovanfor framande organismar .....                   | 7 |
| 5   | Kontroll- og overvaking .....                               | 7 |
| 5.1 | Plan for kontroll og overvaking .....                       | 7 |
| 6   | Avfall .....  | 7 |
| 6.1 | Generelle krav .....  | 7 |
| 6.2 | Handtering av farleg avfall .....                           | 7 |
| 6.3 | Plast .....   | 8 |
| 7   | Rapportering og dokumentasjon .....                         | 8 |
|     | • Dokumentasjon av levering av eventuelt avfall .....       | 8 |
| 8   | Tilsyn .....  | 8 |



# 1 Rammevilkår

## 1.1 Omfang

Løyvet gjev vilkår for å redusere forureining frå utfylling i sjø på gnr./bnr. 53/24 ved Grunnvågen i Stord kommune.

Tiltaket i sjø omfattar utfylling av ca. 2 500 m<sup>3</sup> massar over eit areal på 265 m<sup>2</sup>. Utfyllinga vil skje både frå land og frå lekter.

Statsforvaltaren legg til grunn at tiltaka skal gjennomførast som nemnt i søknad av 26. august 2024 med mindre anna er avtala med Statsforvaltaren.

Løyvet kan ikkje nyttast før alle løyver etter plan- og bygningslova føreligg.

## 1.2 Varsel om oppstart

Statsforvaltaren skal varslast om oppstart av anleggsarbeidet seinast ei veke før anleggsarbeida startar. Det kan varslast med ein e-post til [sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no).

# 2 Generelle vilkår

## 2.1 Plikt til å redusere forureining så langt som mogeleg

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa vert haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, medrekna støy, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkelege grenser for gjennom vilkår i dette løyvet.

## 2.2 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørge for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte.

## 2.3 Tiltak ved auka forureiningsfare

Dersom det oppstår fare for auka forureining skal verksemda så langt det er mogleg utan urimelege kostnader setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig må verksemda redusere eller innstille drifta.

Tiltakshavar skal så snart som mogeleg informere Statsforvaltaren om unormale tilhøve som har eller kan føre til vesentleg auka forureining eller forureiningsfare. Akutt forureining skal i tillegg varslast i samsvar med punkt 3.3.

## 2.4 Miljørisikovurdering av anleggsarbeida

Dette løyvets vilkår er basert på dei miljørisikovurderingane som er utført i samband med søknad om løyve etter forureiningslova og dei forslag til avbøtande tiltak som er søkt om for å redusera fare for forureining til eit akseptabelt nivå.



Verksemda plikter å ha oversikt over alle aktivitetar og forhold som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. Ved endra forhold skal miljørisikovurderinga oppdaterast. Resultata skal vurderast opp mot akseptabel miljørisiko.

Med utgangspunkt i risikovurderinga skal verksemda iverksette risikoreduserande tiltak. Både sannsyn- og konsekvensreduserande tiltak skal vurderast. Tiltakshavar skal ha ein oppdatert plan over risikoreduserande tiltak, og sikre at tiltak herifrå vert innarbeida og gjennomført.

## 2.5 Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for å sikre og dokumentere at vilkåra i dette løyvet vert stetta. Tiltakshavar pliktar å ha oversikt over alle aktivitetar som kan medføre forureining og kunne gjere greie for risikoforhold. Tiltakshavar pliktar vidare å orientere vedkommande som skal gjennomføre tiltaka om de vilkår som gjelder, samt de restriksjonar som er lagt på arbeidet.

## 2.6 Erstatningsansvar

Sjølv om løyve er gitt, pliktar den som forårsakar forureining eller annan type skade å svare for erstatning som måtte følge av alminnelege erstatningsreglar.

## 2.7 Kulturminne i sjø

Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum gjer merksam på at tiltakshavar pliktar å gje melding til museet ([marinarkeologi@museumvest.no](mailto:marinarkeologi@museumvest.no)) dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Tiltakshavar må i så fall ikkje starte opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

## 2.8 Sakshandsaming etter anna lovverk

Dette løyvet kan ikkje takast i bruk før tiltaket er godkjend etter plan- og bygningslova, jamfør uttale frå Stord kommune.

Dette løyvet frittek ikkje for handsaming etter anna lovverk som er relevant i saka, til dømes hamne- og farvasslova og plan- og bygningslova.

# 3 Internkontroll, beredskapsplan og akutt forureining

## 3.1 Internkontroll

Tiltakshavar pliktar å etablere internkontroll for sin verksemd i medhald til internkontrollforskrifta<sup>1</sup>. Internkontrollen skal blant anna sikre og dokumentere at tiltakshavar stettar krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrolllova<sup>2</sup> og andre relevante forskrifter til desse lovene. Tiltakshavar plikter å halde internkontrollen oppdatert.

---

<sup>1</sup> Systematisk helse -, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter – forskrift av 06.12.1996 nr 1127 (internkontrollforskriften)

<sup>2</sup> Produktkontrolllova av 11.06.1979 nr 79



Når ein tiltakshavar som oppdragsgivar engasjerer oppdragstakar (entreprenør eller liknande) til å utføre oppgåver på tiltakshavars anlegg, skal oppdragsgivar sørge for at oppdragstakar er kjent med og har internkontrollsystem i tråd med løyvets vilkår.

Tiltakshavar plikter alltid å ha oversikt over alle aktivitetar og forhold som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. På basis av miljørisikoanalyse skal tiltakshavar sette i verk miljørisikoreduserande tiltak.

### **3.2 Beredskapsplan**

Den ansvarlege skal sørge for å ha en nødvendig beredskap for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og avgrense påverknad av akutt forureining for si verksemd, jf. forureiningslova § 40. Beredskap skal stå i et rimeleg forhold til sannsyn for akutt forureining og omfanget av skadane og ulempene som kan inntreffe. Beredskapsplikta inkluderer også utstyr og kompetanse til å fjerne og avgrense verknaden av forureininga.

Tiltakshavar skal utarbeide beredskapsplan for tiltaket. Ved endra forhold skal beredskapsplanen oppdaterast. Beredskapsplanen skal være tilgjengeleg og kjent for dei som utfører arbeid der akutte hendingar i flg. planen, kan oppstå.

### **3.3 Varsling om akutt forureining**

Ved akutt forureining eller fare for akutt forureining som følge av tiltaket, skal den ansvarlege straks varsle på telefon 110, etter Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining fastsett av Miljøverndepartementet 9. juli 1992. Statsforvaltaren skal også varslast.

## **4 Vilkår for utføring av tiltak i sjø**

### **4.1 Generelt**

Tiltaka i sjø skal utførast på ein måte som minimerer spreining av partiklar og tilslamming av vassmassane. Dersom det oppstår utilsikta forureiningssituasjonar skal arbeidet stanses og korrigerande tiltak gjennomførast.

### **4.2 Partikkelsperre**

Det skal nyttast siltgardin utanfor utfyllingsområdet for å redusere fare for forureining og spreining av finstoff til vassførekomsten. Det skal nyttast siltgardiner som er eigna for tilhøva ved tiltaksområdet, sjå fagrapport<sup>3</sup> frå Statens vegvesen.

Det skal førast jamleg kontroll med at siltgardinene fungerer etter hensikta. Dersom siltgardinene ikkje lenger fungerer skal dei reparerast eller bli bytta ut. Arbeid i sjø skal ikkje skje når siltgardinene ikkje fungerer.

### **4.3 Kontroll av utfyllingsmassar**

For utfyllinga skal det nyttast mest mogeleg reine massar. Massane skal være eigna for føremålet. Det skal utarbeidast rutinar for kontroll av steinmassar før desse vert fylt i sjøen. Innhald av plastrestar og anna forureining frå sprengstein skal primært ikkje hamne i sjøen.

---

<sup>3</sup> Siltgardiner: funksjon, tilpasning og oppfølging. Rapport nr. 205 - 2013



#### 4.4 Aktsemd ovanfor framande organismar

Den framande arten havnespy/japansk sjøpung (*Didemnum vexillum*) er allereie etablert fleire stader i landet. Dette er ein framand og uønskt art som formerer seg raskt og forårsakar store problem for marine miljø og næringar. Arten veks blant anna på skrog, fortøyingar, bryggjer og anna som finst i sjøen. Vestland fylke har gjennom dei siste åra registrert ein auke i observasjonar av havnespy. Havnespy er påvist ved kaier i Haugesund, Askøy, Bergen og fleire stadar i Sogn. Arten blir spreidd via skipsfart, særleg i dei største hamnene som har besøk av utanlandske skip. Arten kan òg bli spreidd til mindre hamner via småbåtar eller festa til tauverk, blåsar og andre flyteobjekt i sjøen.

Statsforvaltaren minner om aktsemdsplikta i medhald til forskrift om framande organismar § 18. Der står det at den som set i verk tiltak som kan medføre utilsikta spreining av framande organismar i miljøet, skal opptre aktsamt for å hindre at aktiviteten medfører uheldige følgjer for det biologiske mangfaldet. Tiltakshavar skal ha kunnskap om risikoen aktiviteten inneber, kunnskap til å treffe førebyggjande tiltak og kunnskap til å raskt avdekkje utilsikta spreining av framande organismar. Mistanke om funn av havnespy [må meldast inn](#) og verifiserast av marinbiologisk kompetanse. Dersom havnespy blir bekrefta, [skal observasjonen rapporterast til Artsdatabanken](#), og det må setjast i verk tiltak for å unngå vidare spreining. Slike tiltak skal skje i samsvar med [retteiing gitt av Sjøfartsdirektoratet](#).

Kontroll gjeld også tiltransporterte båtar og utstyr. Dersom havnespy blir oppdaga, skal Statsforvaltaren kontaktast og orienterast om kva tiltak som blir sett i verk for å overhalde aktsemdsplikta.

## 5 Kontroll- og overvaking

### 5.1 Plan for kontroll og overvaking

Det skal utarbeidast ein kontroll- og overvaksingsplan for tiltaket. Planen må ha tilstrekkeleg omfang til å avdekke spreining av forureining frå tiltaket, medrekna kontroll med spreining av partiklar og plast. Kontroll- og overvaksingsplanen skal avdekke eventuelle negative påverknader på naturmiljøet frå anleggsarbeidet.

Kontroll- og overvaksingsplanen skal sikre at vilkåra i løyvet vert stetta, og planen skal utarbeidast i tråd med tilrådingane gitt i Miljødirektoratet si rettleiar for handtering av sediment M-350/2015. Måleutstyr, metodar, gjennomføring og analysar skal følgje norsk standard.

## 6 Avfall

### 6.1 Generelle krav

Verksemda pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper å unngå at det blir danna avfall som følgje av tiltaka. Særleg skal innhald av skadelege stoff i avfallet avgrensast mest mogeleg. Kystverket pliktar å sjå til at all handtering av avfall, under dette gjenvinning, blir utført i samsvar med gjeldande regler fastsett i eller i medhald av forureiningslova og avfallsforskrifta.

Brukte partikkelsperrer skal leverast til lovleg mottak.

### 6.2 Handtering av farleg avfall

Verksemda skal handtere farleg avfall i tråd med avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall.





Farleg avfall som blir lagra i påvente av levering/henting skal lagrast slik måte at det ikkje fører til avrenning til grunn, overflatevatn eller avløpsnett. Lagra farleg avfall skal være merka og skal ikkje blandast saman med anna avfall. Lagring skal skje i tett container eller under tak på fast dekke. Lageret skal være sikra mot uvedkommande.

Farleg avfall skal leverast vidare til godkjend mottak eller behandlingsanlegg minst ein gang per år. Farleg avfall skal deklarerast på [www.avfallsdeklarering.no](http://www.avfallsdeklarering.no).

### 6.3 Plast

Det skal gjerast tiltak for å avgrense tilførsel av plast til naturen. Det skal gjennomførast opprydding av plast og annet avfall undervegs og i etterkant av tiltaket ved tiltaksområdet og nærliggande områder. Rutinar for dette skal føreligge skriftleg. Oppsamling av eventuelt avfall i sjøen skal loggførast. Rutinar for overvaking og oppsamling av avfall i sjøen skal inngå i overvaksingsplanen. Oppsamla avfall skal leverast til lovleg avfallsmottak.

Miljødirektoratet sitt faktaark<sup>4</sup> M-1085 | 2018 kan nyttast som ein rettleier.

## 7 Rapportering og dokumentasjon

Det skal sendast inn sluttrapport frå arbeida innan 8 veker etter at anleggsarbeida er avslutta. Rapporten skal oppsummera anleggsarbeida, og skal innehalde:

- Skildring av gjennomføringa av tiltaka
- Skildring av resultatata frå gjennomført turbiditetsovervaking
- Oversikt over uønskte hendingar, merknader og ei skildring av eventuelle avbøtande tiltak som er gjennomførte for å hindra uheldig påverknad på omgjevnadene.
- Dokumentasjon av levering av eventuelt avfall.

## 8 Tilsyn

Verksemnda pliktar å la representantar for Statsforvaltaren eller andre som har styresmakt, føre tilsyn med verksemnda til ei kvar tid.

---

<sup>4</sup> Problemer med plast i sjø ved utfylling av sprengstein i sjø. Miljødirektoratet M-1085/2018